

Born hjelper born

11.08.2014



tvillingane med 6 100 kroner som er samla inn i sommar.

Tvillingsystrene Selma Terese og Liv Kristi Hodne er på heimtur til Haugesund i dag etter ein stor sommar på Øyro Marina. 8-åringane og deira foreldre og besteforeldre kan runda av ferien i vissheten om at dei har gjort ein storinnsats for andre born, samen med dei andre borna som har feriert der. I morgen får sjukehuset i Haugesund ein hyggjeleg telefon med dette spørsmålet:

Kva vil dykk bruka 6 100 kroner til?

Jentene fekk ein viss peikepinn frå foreldra om denne oppgaven, men dei har gjort det meste sjølv. Kva er det så dei har gjort?

Dei har seld perleting og bilete. Dei har halde ein fotballtunering som ga ein pluss på 1600 kroner. Og dei har hatt ute kassar som folk har lagt panteflaskar i. No er rekneskapen klår og summen vart 6 100 kroner.

Pengane skal nyttast til leikar og anna som ungane ved sjukehuset i Haugesund har trong for. Kva det er vil dei få svar på dei nærmaste dagane.

- Vi er imponert over innsatsen som alle ungar i området har vore med på, seier foreldra.

Og til neste år vert det kanskje ein ny aksjon?

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen